

# GUTTA PÅ TUR

## Bremnes



Jubileumshefte

2001 - 2011

## OPPSTART m.m.

Tidleg på hausten 2001 var arbeidet med den nye kunstgrasbanen på Svortland ferdig. Fleire av dugnadsdeltakarane var ferske pensjonistar, og trivselen under arbeidet med kunstgrasbanen gjorde at me gjerne såg at samhaldet heldt fram.

Einar Kåre hadde vore i kontakt med Johannes Belsvik frå Stord, som var ein av initiativtakarane til ” Gutta på Tur” der.

Bjarne K. fekk oversendt deira retningslinjer, og så var me i gang.

Av retningslinjene går det fram at” *siktemålet er å komma saman ein fast vekedag for sosialt samvær og mosjon*”.

Kvar torsdag kl.0900 møtest me ved Bømløhallen, fordeler oss på bilar for transport til utgangspunktet for dagens løype – eller til fots frå parkeringsplassen.

Det første turprogrammet – hausten 2001 – var underteikna av Åsmund, Einar Kåre og Bjarne K, men me fann snart ut at me måtte skaffa oss meir økonomisk ekspertise. Bjarne Mæland vart kontakta, og etter stiftingsmøtet 10.10.01 var det desse 4 som ugjorde styret, og såleis vart grunnleggjarane av laget. Det vart laga retningslinjer som for det meste er gjeldande også i dag. Me var samde om at drifta skulle vera enkel, slik at ulike tillitsverv skulle kunna gå greitt på omgang.



*Det første styret.*

Me kontakta eit mindre utval av kjenningar og naboar om deltaking, og med eit par unntak var alle desse interesserte.

Seinare auka interessa. Fleire har ønskt å delta, men førebels er det eit lite fleirtal som ønskjer ei avgrensing av medlemstalet for å gjera deltaking meir forpliktande – og for å ivareta det gode miljøet me har.



*2001 - Få, men utvalde*



*2008 - Me er blitt mange!*

## **MEDLEMSTAL:**

2002: 16      2003: 18      2004: 23      2005: 25      2006: 26  
2007: 30      2008: 34      2009: 35      2011: 35/36

Me har mista nokre medlemmer: Ingmar Stølen og Ola L. Stavland døydde etter kort medlemskap, Knut Sortland og Sigmund Sortland omkom i ei tragisk ulukke . 2-3 andre har trekt seg av ulike grunnar.

I jubileumsåret er følgjande medlemmer:

*Arne Borgen, Lars Ersland, Lars Johan Fylkesnes,  
John Gardner, Øyvind Glittenberg, Håkon Gåsland, Henrik Hallaråker, Magne Hallaraåker,  
Tolleif Hidle, Gunro Hystad, Kåre Høgberg, Dagfinn Hellen, Per Innvær, Ragnvald Innvær,  
Bjarne Kristiansen, Johannes Kristiansen, Einar Kåre Meling, Bjørn Sigurd Moss, Bjarne  
Mæland, Halvor Mæland, Kristian Mæland, Torleiv Mæland, Finn Nordtun, Harald T.  
Nordtun, Ole Mikal Nordtun, Harry Selsvold, Harald Sortland, Lars Staupe, Per P.Stavland,  
Arne Stokke, Martin Magne Sørenes, Torleif Torkelsen, Åsmund Våmartveit, Jan  
Westermoen, Harald Økland, Håkon Økland.*

## **TURAR.**

Turopplegget første hausten (2001) var ikkje omfattande. Me heldt oss i hovudsak innabygds. Men alt no hadde samarbeidet med Stordgutta starta, og den første fellesturen var den 08.11.2001 på Føyno.



*Første fellesturen med GPT Stord, nov. 2001*



*Gjenvisitt av GPT Stord til Samnungsøy*

Seinare er samarbeidet utvikla til 4 fellesturar pr. år, 2 vår og 2 haust. Fellesskapet har gitt turgåinga og det sosiale fellesskapet ein ekstra dimensjon.

Etter kvart har det vorte ein mix av turar innabygds og utabygds, der det førstnemnde er vektlagt.

Biletsamlinga øverst på neste side syner eit tilfeldig utval frå nokre av innabygdsturane.



*Baståsen*



*Sølvrusto*



*Klovafjellet - Hedlo*



*Urangsætre*



*Lykling*

Me har vore innom Stord, Fitjar, Sveio, Haugesund, Tysvær, Karmøy, Austevoll ,  
Ølen m.fl.



*Osterneset*



*Emberlandsnipen*



*Tysnessåto*

Til saman har me ved utgangen av vårsemesteret gått 339 turar.

Ein tur varer c.a. 2 – 3 timar med innlagd matpause og drøs. Mange viktige saker, kommunale så vel som utanriks har vore tekne opp og løyste, utan at det har skapt innbyrdes uvennskap.

Innimellom har me hatt serskilte opplegg. Turane på naustet til **Ole Mikal** med krabbe og tilbehør er like populære no som tidlegare. **Magne** har gjestfritt teke mot oss på hytta til førsjulsavslutning ved fleire høve.



Tuesundsholmen - krabbefest hos Ole Mikal



Juleavslutning på Magne si hytte



----med kake attåt.

Me har prøvt å få med oss noko kultur og annan informasjon på mange av turane – og kjenner vel vår eigen kommune som nabokommunane betre – og frå ei meir positiv

side. Det er ikkje få verksemder me har vore innom i eigen kommune og nabokommunar. I førstninga vert det teke bilete på alle turar, men denne praksisen har nullt seg ut.

For å markera/honorera frammmøte, vert det delt ut diplomar ved passering av runde turtal. For 250 turar får ein plakett. **Lars Erslund** var den første som oppnådde plakett.

Som sikring ved evt. uhell og liknande er det kjøpt inn førstehjelpsutstyr, bære og hjartestartar som er med på alle turar. Det er også gjennomført kurs i bruk av hjartestartar.

#### ***Døme på turopplegg eitt halvår:*** (våren 2008)

- 17.01. Urangsvåg – Urangsætre
- 24.01. Juskevika
- 31.01. Svortlandsmarka
- 07.02. John`s Track/ Baståsen – Start Foldrøy
- 14.02. Rolfsnes – inkl. ”Lauritshola”
- 21.02. Hallaråker – rundtur via Heimstafjellet Saman med Gutta på tur, Stord.
- 28.02. Totland – langs Bømlafjorden mot Notlandsvågen
- 06.03. Våge – Helvik
- 13.03. Dugnad
- 27.03. Fitjar – inkl. Vik & Sandvik
- 03.04. Meling – Brømsund
- 10.04. Selevegen – Selsfjorden ( rundtur)
- 24.04. Tur til Stord ( Stord har programmet)
- 08.05. Dugnad
- 15.05. Trodlavassnipen ( Sveio )
- 22.05. Engjadalen/ Håvikshovda
- 29.05. Krokavatnet rudnt
- 05.06. Mørkedalsfjellet
- 08.06. Avslutningstur m/ damer til Stuhaug gardsmuseum.**

#### **SOSIALE SAMVÆR – LENGRE TURAR:**

Den siste turen i vårsemesteret vert gjerne lagt opp som ein dagstur med damer.

Denne ordninga starta alt i 2003. Så langt har me vore innom Austevoll, Utsira, Røvær, Fjell,



Telavåg, Karmøy (fl. gonger) og Sandeid/Vindafjord.

Telavåg



Utstein Kloster

Våren 2010 vart avslutninga ein fleire dagars busstur til Sarpsborg/Fredrikstad/Halden og Strømstad.



*Frå Sarpsborg-Strømstadsuren*

I November/desember vert det arrangert julebord – ei ordning som starta alt i 2002.

Me har vore innom Rosendal Hotell, Solstrand Hotell, Skånevik Fjordhotell , men har kanskje trivest best i Grendahuset/ Erevik der me har vore ved fleire høve.



*Årsfest i Erevik*

### **UTALANDSTURAR:**

Mellom oss har me ein kar med engelsk pass. Han er aldri tungbeden når det gjeld turar til Samveldet. Før me har avslutta ein setning om tur dit, er turmål, reiseopplegg og prisar klare.

Hausten 2004 var me på den første turen til *Durhamområdet*. Der møtte me m.a. ei gruppe tur-entusiastar som tok oss med på fottur i det engelske landskapet. Me fekk også gå ein del av

*Hadrians Wall.*



*Kyrkja i Durham*



*Hadrians Wall*

Turen gav meirsmak – og 2 år etterpå var me tilbake til Durhamn, der me på nytt møtte dei same turvennene , var innom *Aidensfield*, *Whitby* og andre stader. Eit triveleg område. Nokre av dei turvennene me møtte i Durhamområdet har vore på gjesting hos oss.



*Engelske turvener på vitjing, her på Siggjo.*

*Magne* sto for innlosjering – og dei var alle med på Siggjotur og vart tildelt *Siggjoplakett*.

*John* ville la oss oppleva meir i Vesterveg. 2 år seinare gjekk turen til *Irland* . Utgangspunkt for mange svært interessante bussturar var den vesle, fredelege byen *Donegal* der me m.a.fekk oppleva irsk pubkultur og mykje anna.



*På tur i Donegal*



*Giants Causeway*



*Fin stemning i Irsk pub*

Ein smak av *Skottland* fekk me også med oss.



*Smeden i Gretna Green var der kanskje, men ikkje brudepara ----.*

Med ein triveleg engelsk buss-sjåfør måtte turen bli vellukka.

## **DUGNAD.**

”*Oppmerking og tilrettelegging av turstiar høyrer naturleg med i aktiviteten*” seier vedtektene, og dette har me følgt opp. Alt våren 2002 vart turstien til Sølvrusteklubben merka, og til rettellegginga starta. Brua over *Laksakaret* var det første dugnadsprosjeket. Folk som ferdast rundt *Nyastemmo* undrast over alle raude krossar som furetrear var dekorerte med, men forklaringa var grei: Ein tidlegare tilsett i vatn- og kloakkavdelinga i Bømlø kommune hadde fått med seg ein sprayboks med raudfarge ved avslutta teneste i kommunen, og denne måtte nyttast.

Seinare har me merka og tilrettelagt 7 – 8 turstiar i tillegg. Pr. dato vert det utført dugnad 2 gonger pr.år. Dette er faktisk i minste laget, skal me makta å vedlikehalda dei turstiane me har ansvar for. Pr. dato har me tilrettelagt følgjande stiar: *Sølvrusto, Svortland – Grimsfjellet 2 alternativ, Svortland – Vardafjellet med avstikkar til Underjoten, Svortland – Store Mælandssåto, John’s Track Foldrøy – Baståsen – Skogadalen, Urangsvåg – Dyrvatnet og Brømsund*. Desse stiane er rimeleg bra merka og delvis utstyrte med informasjon om stader o.s.v.



*Matpause.*



*Ein pust i bakken*

Mange nyttar seg av turstiane ”våre”, noko me set stor pris på. Serleg pris set me på at barnehagar og skuleklassar kjem seg ut i naturen. Grunneigarane har synt stor velvilje for arbeidet vårt.

Me har hatt ein del utgifter til materiell og skilting, og fleire av verksemdene i kommunen har ytt tilskot. **Wartsila, Sparebanken Vest og ikkje minst Finnås Kraftlag** har vist stor tilskotsvilje. I førstninga utførte me mykje inntektsgjevande dugnad – noko som tilførte lagskassen verdfulle tilskot. Denne aktiviteten har gått sterkt ned den seinare tid.


### **TURKART/TURBOK m.m.**

I 2006 vart det i regi av Ok Bømlo gitt ut det første samla **turkartet** for Bømlo, Kartet vil bli revidert i 2011 sidan det meste av opplaget er utselt.

Gutta på Tur har deltatt aktivt i dette arbeidet.

I 2007 kom turboka **Opptur for Hordaland** med 14 turframlegg frå Bømlo. Gutta på tur har bidratt med kartskisser, biletstoff og opplysningar til fleire av turframlegga.

I samband med bokverket: **Sjøen, fisken, båten. Livsnerva i Bremnes gjennom tidene** la ei gruppe av medlemmer frå Gutta på tur ned eit omfattande arbeid både med biletstoff og annan informasjon om fiskebåtar frå Bremnes-



*Sjøen fisken båten --*

## **STYRE m.m:**

**Årsmøta** var dei 2 første åra haldne i Melingsvågen. Seinare er Meieriet i Urangsvåg blitt fast møteplass for desse. Valperiodane for styremedlemmer er 2 år, og ein har i hovudsak halde seg til dette. Styra dei 10 åra følgjer nedanfor.

<b>2001: (haust)</b>	<b><i>Bjarne Kristiansen, Einar Kåre Meling, Bjarne Mæland, Åsmund Våmartveit.</i></b>
<b>2002:</b>	<b><i>Bjarne Kristiansen, Einar Kåre Meling, Bjarne Mæland, Åsmund Våmartveit.</i></b>
<b>2003:</b>	<b><i>Bjarne Kristiansen, Einar Kåre Meling, Bjarne Mæland, Åsmund Våmartveit.</i></b>
<b>2004:</b>	<b><i>Harald Sortland, Bjarne Mæland, Bjarne Kristiansen, Finn Nordtun.</i></b>
<b>2005:</b>	<b><i>Harald Sortland, Magne Hallaråker, John Gardner, Finn Nordtun.</i></b>
<b>2006:</b>	<b><i>Harald Sortland, Magne Hallaråker, John Gardner, Magne Halleraker.</i></b>
<b>2007:</b>	<b><i>Harald Sortland, Magne Hallaråker, John Gardner, Magne Halleraker.</i></b>
<b>2008:</b>	<b><i>Ole Mikal Nordtun, John Gardner, Gunro Hystad, Magne Hallaråker.</i></b>
<b>2009:</b>	<b><i>Ole Mikal Nordtun, Gunro Hystad, Halvor Mæland, Lars Staupe.</i></b>
<b>2010:</b>	<b><i>Lars Ersland, Øyvind Glittenberg, Halvor Mæland, Lars Staupe.</i></b>
<b>2011:</b>	<b><i>Lars Ersland, Øyvind Glittenberg, Arne Stokke, Harald Nordtun.</i></b>